

Til Kultur- og kyrkjedepartementet
Oslo

Oslo, Bergen, Trondheim, Tromsø, Alta, Kautokeino, mars 2004

HØYRING – FRAMLEGG TIL ENDRING AV LOV OM STADNAMN FRÅSEGN FRÅ NAMNEKONSULENTTENESTENE

1. Generelle synspunkt

1.1 Oppfylging av tidlegare merknader

Framlegget til revisjon av lov om stadnamn byggjer i stor grad på ei evaluering av lova som vart send ut til høyring i 2001, og dei synspunkta som Namnekonsulenttenestene (heretter NK) overleverte departementet i samband med evalueringsrapporten, gjeld i stor grad for framlegget til lovrevisjon. Her vil NK utdjupa ein del av dei synspunkta som vart utarbeidde til evalueringsrapporten, og elles uttala seg om formuleringar som er knytte til framlegget til ny lovtekst og tilhøyrande merknader.

Det vert sagt mykje bra om den rolla stadnamn spelar i samfunnet og om verdien av dei som kulturminne. Såleis er fylgjande utsegn ei programfråsegn som NK fullt ut kan slutta seg til (s. 2):

Myndighetene ønsker å ta vare på stedsnavnarven, ikke bare som grunnlag for kultur- og bosetningshistorisk gransking, men også ved å gi navnene en hensiktsmessig skrivemåte på kart, skilt og i register, og ved å utnytte dem i forbindelse med adressetildeling og annen navnsetting gjennom lov om stadnamn.

Det er likevel ei rekkje punkt i teksten frå departementet som NK ikkje eller berre delvis kan slutta seg til.

1.2 Skriftbaserte eller målførebaset normeringsgrunnlag

Innleiingsvis vil NK peika på nokre generelle problemstillingar. NK er svært glade for at stadnamnvernet vert teke inn i lova. Dette er ei erkjenning av den rike og detaljerte kulturarven som stadnamna står for. Dei aller fleste stadnamna har oppstått og vorte vidareførte i munnleg form lenge før dei vart nedskrivne, mange av dei i forhistorisk tid. Difor er det viktig å framheva at det er dei munnlege formene som representerer dei reinaste formene av dei språklege kulturminna. I eit samfunn med ein skriftkultur er det likevel ikkje aktuelt å gje att stadnamna som reine målføreformer. Dei må normerast etter visse rettskrivingsprinsipp og reglar. Dette vert det gjeve uttrykk for i høyringsdokumentet, men det vert lagt for lita vekt på at det er den skriftforma som best svarar til den munnleg traderte (nedervde) uttalen som må leggjast til grunn.

Norsk stadnamnormering tok til på 1830-talet, og det voks gradvis fram eit program som tok sikte på å føra dei danskspråklege namneformene, ofte forvanska og mistyde, over til ein ortografi som svara meir til det norske talemålet. Eit meir målførebaset skriftsystem vart utvikla gjennom målreisingsarbeidet til Ivar Aasen, samstundes som språkreformarbeidet til Knud Knudsen var med på å leggja det tradisjonelle skriftmålet nærare norsk uttale. I 1912–13 kom dei fyrste eksplisitte reglane om at stadnamn skulle normerast på grunnlag av dialekten, men då fylgja rettskrivinga i nynorsk (landsmål). Dette prinsippet galdt fram til lov

om stadnamn vart vedteken i 1990, då dei to måla vart sidestilte, men framleis med den nedervde uttalen som utgangspunkt.

Slik sett er den eksisterande lova eit godt grunnlag for normering av stadnamn. Lova fører vidare ei line som har vore fylgd i 170 år, nemleg å ta utgangspunkt i talemålsformene. Lovframlegget tek i store drag sikte på å halda oppe denne målsetjinga, særleg for naturnamn, i stor grad òg for busetnadsnamn (gards- og bruksnamn), men her kjem eit konkurrerande element til uttrykk, nemleg skriftradisjonen. Heilt sidan stadnamnormeringa tok til, har ho også hatt eksisterande skriftformer med ofte uheldig eller feilaktig ortografi å ta stilling til. I store trekk har desse vorte retta opp i det normeringsarbeidet som har vore gjort til no. Hovudkartserien (N50) til Statens kartverk har gjennomgåande eit godt namneverk, medan Økonomisk kartverk i større grad har skrivemåtar som avspeglar ikkje-normerte former av gards- og bruksnamn med bakgrunn i eldre skriftradisjon. Ofte er det tale om skriftformer nytta som slektsnamn.

1.3 Stadnamna er felleseige – ikkje privateigedom

Den eksisterande stadnamnlova held fram at nedervde stadnamn, òg i funksjon som gards-/bruksnamn, skal normerast ut frå den overleverte uttalen, men gjev høve til å velja innarbeidde skriftformer i særskilde høve. I lovframlegget vert dette prinsippet ført vidare, men opnar for utvida bruk av rettskrivingsstridige skriftformer i og med at det skal leggjast større vekt på grunneigarens syn. Det er ei kjend sak at grunneigarane ofte ynskjer at bruksnamnet skal skrivast slik dei skriv det som slektsnamn (etternamn).

Somme vil hevda at det er rett og rimeleg at eigaren av eit bruk får vera med å avgjera skrivemåten av namnet på det bruket han eig, ja til og med at synet hans skal leggjast til grunn. Men her står ein overfor ein rettspraksis som underkjenner stadnamna som ein fellesarv. På same måte som eit oldtidsfunn er ei nasjonal eige, er stadnamna det. Dei har oppstått i samspel mellom folket i det aktuelle området på den tida namna vart til, og oftast er det ikkje dei som fyrst busette seg på staden, som har gjeve namna, og langt mindre dei som seinare har overteke eigedomen.

1.4 Gards- og bruksnamn ei hovudsak

Mange av dei eldste namna vart skriftfeste alt i norrøn tid, men det var i dansketida at grunnlaget vart lagt for dei skriftformene som seinare har vorte konkurrentar til skriftformer baserte på uttalen. I jordebøker, matriklar, folketeljingar, pantebøker, grunnbøker og andre offentlege register er storparten av dei gamle gards- og bruksnamna skriftfeste i varierende former, og det er desse som ofte er førte vidare som slektsnamn. Medan gards- og bruksnamna gjennom ein lang normeringsprosess i store trekk har nådd fram til skriftformer som svarar til dagens rettskrivingsprinsipp, har dei same namna som slektsnamn til dels vorte ståande i ein forelda og inkonsekvent ortografi, som *Mehlum*, *Moe* og *Wold*, for *Mælum*, *Mo* og *Voll*.

NK ser det som viktig at departementet i den komande proposisjonen gjer det klart at lova tek sikte på normering av slike namn i funksjon som stadnamn (gards- og bruksnamn), og at dei står i ei anna stode enn dei same namna i funksjon som slektsnamn. Det er fornuftig å skilja mellom matrikkelgardsnamn og bruksnamn av di vedtaksorganet vil stå friare ved den fyrste gruppa enn ved den andre. Men samstundes er ein stor del av bruksnamna identiske med namnet på garden dei er utskilde frå, og i praksis vil ein lokalt bruka namna parallelt. Dermed bør dei lengst mogeleg få lik skriftform. Det er jo òg eit hovudpunkt i det gjeldande

regelverket og i framlegget at eit namn nytta i fleire funksjonar som hovudregel skal ha same skriftform.

1.5 Tilhøvet mellom munnleg traderte namneformer og skrifttradisjon

Til no har styresmaktene vurdert det slik at stadnamn i hovudsak skal fylgja vanlege norske rettskrivingsprinsipp (og tilsvarande for kvensk og samisk). Men slik både lovparagrafen og merknadene er formulerte, vert det lagt opp til at tradisjonelle skriftformer i større grad skal tillatast. Dette inneber etter vårt syn eit markert steg bort frå det uttale- og rettskrivingsbaserte prinsippet i retning mot eit prinsipp der eldre og unormerte skriftformer kjem inn. Dersom grunneigaren skal ha større eller avgjerande innverknad på skrivemåten av bruksnamn, kan det føra til at langt fleire namn vert vedtekne i ei form som strir mot tidlegare normeringspraksis. Det kan òg tenkjast at uttalen av stadnamna meir og meir tek farge av slektsnamna, noko som i sin tur vil bana vegen for nye vedtak bort frå den tradisjonelle lina. Dersom regelverket ikkje er presist på dette punktet, vil det vera vanskeleg å setja grenser for kva som er akseptabelt, og kva som ikkje er det. Frå enkelte hald har det jamvel vore framlegg om å overlata heilt til grunneigaren å avgjera skrivemåten på eit bruk, noko som ville vera øydeleggjande for norsk namneverk. NK er glad for at departementet ikkje ser det som noka aktuell problemstilling.

Det moderne norske samfunnet er prega av aukande flytting, og NK ser det som viktig at flest moglege namn får ei skriftform som er heimla i den nedervde uttalen. Der målføregrunnlaget står svakt for di det berre lever att få menneske med namnekunnskap, bør ein likevel lengst moglege byggja på den eldre uttalen. Stadnamn som er nytta i samband med sesongvis busetnad, t.d. av flyttsamar, må handsamast på line med namna til dei fastbuande.

1.6 Namnefagleg medverknad i vedtaksprosessen

I høyringsdokumentet vert det sagt noko om at normering av stadnamn ikkje er vitskap. Eit slikt syn kan NK ikkje slutta seg til. Heilt sidan stadnamnnormeringa tok til, har det faglege grunnlaget vore eit berande prinsipp. Kjennskap til språk generelt og til stadnamn spesielt er viktig. Difor bør fagkunnskapen framleis stå sentralt ved normering av stadnamn. Når det vert nemnt at ”arbeid med stedsnavn ikke er en eksakt og entydig disiplin” (s. 3), kan det verka som om aktørar utan namnefagleg bakgrunn kan opptre med like stor kompetanse som namnekonsulentane. NK vil halda fast ved at stadnamnnormering er ei verksemd som krev fagleg innsikt til liks med andre spesialfelt i samfunnet.

NK kan heller ikkje seia seg samde i den definisjonen av stadnamn som vart lagd til grunn for brevet frå departementet 27.5.1994 til Luftfartsverket om at *lufthamn/lufthavn* ikkje er del av eit stadnamn i typen *Tromsø lufthavn*. Likeins meiner NK at namn av typen *Sør/Søndre Bø*, *Bø søre* og *Sørebo* må handsamast på lik line med andre samansette stadnamn.

Det er òg viktig at dei som skal uttala seg i samband med namnevedtak alt i ein fyrste høyringsrunde, får høve til å sjå kva namneformer konsulentane rår til. Dette gjeld namn som namnekonsulentane meiner treng ei førebels tilråding. Enkle namnesaker kan ein derimot med fordel spara ein runde på.

I prosessen fram til namnevedtak ser NK det som viktig at organisasjonar får halda oppe retten til å uttala seg, og også at dei framleis får høve til å klaga på namnevedtak. I einskilde saker har det førekomme at ein organisasjon med språkleg/kulturell bakgrunn er den einaste instansen som har klaga på eit uheldig namnevedtak.

Eit viktig grunnlag for normeringsarbeidet er å ha tilgang til gode og mest mogeleg landsdekkjande arkiv. Enno manglar det mykje på det, og NK vil i den samanhengen visa til dei konstruktive framlegga som departementet har lagt fram i Kulturmeldinga om innsamling av stadnamn og samordning av namnedatabasar.

2. Formål og virkeområde

NK støtter framlegget frå departementet om ein føremålsparagraf der både kulturminneaspektet og eit einskapleg namneverk vert teke med i lova. NK er òg samde i at lovbruken vert presisert og styrkt. Det er viktig at alle viktige verksemder i samfunnet kjem inn under lova, òg slike som er av halvprivat karakter som Televerket og Statoil, og slike som kan tenkjast å verta privatiserte, som NSB, Statens vegvesen og Posten. NK meiner at dei offentleg vedtekne namneformene vert mest mogeleg retningsgjevande i samfunnet. I motsetning til lovframlegget meiner NK at lova bør gjelda for nedervde stadnamn i heile området som utgjer Noregs økonomiske sone.

3. Definisjonar

Når det gjeld definisjonane som er nemnde i lovframlegget, og dei som det er aktuelt å ta inn i forskriftene, meiner NK dei bør gjennomgåast på namnefagleg grunnlag, t.d. ved at departementet set ned eit utval i samråd med Samarbeidsnemnda for namnegransking, og ved at dei namnefaglege fråsegnene vert lagde til grunn. Viktigast her er definisjonen av *stadnamn*, *gards-* og *bruksnamn*, *nedervd stadnamn*, *lokal talemålsform*, det siste særleg i høve til *nedervd uttale*.

4. Namnevern og namnsetjing

NK støt departementet i framlegget på å lovfesta namnevern og namnsetjing og ser gjerne at dette vert utdjupa og presisert. NK sluttar seg til fylgjande programformulering i høyringsdokumentet:

Hensikten med bestemmelsen skal være å ivareta eksisterende navnetradisjon og samtidig sikre at gamle navn ikke urettmessig brukes i kommersiell virksomhet, eksempelvis ved at et kjent navn brukes på et nytt sted som ikke er tilknyttet det opprinnelige navneobjektet, for eksempel for å øke det nye stedets markedsverdi.

5. Saksgang ved fastsetjing av skrivemåte

5.1 Fyrstegongshandsaming

NK støt vidare departementet i at det vert lagt opp til ei forenkla sakshandsaming, men at det ikkje går ut over den namnefaglege sida. T.d. bør det framleis vera slik at høyringsinstansane får høve til å ta stilling til ein tilrådd og eventuelt grunngeven skrivemåte *før* dei melder attende, slik det er peikt på ovanfor.

NK er usamde i formuleringa om at ”fastsetting av skrivemåten for navn som skal brukes i det praktiske dagligliv, ikke er et navnefaglig forskningsprosjekt, men først og fremst et hjelpemiddel i hverdagen.” Det arbeidet som NK utfører i samband med normeringsarbeidet har absolutt vitskapleg karakter. Det bør heller ikkje vera nokon motsetnad mellom den praktiske bruken av eit namn og kravet til fagleg underbygging i tilrådingane.

NK reagerer vidare på uttrykksmåten om at ”en liten bekk” ikkje skal vera avgjerande for skrivemåten av namnet på ein tettstad. Storleiken på ein lokalitet kan ikkje vera avgjerande for korleis eit namn vert normert, men kva som er namnetradisjonen.

Når det gjelder vektlegging av synspunkta til eigaren eller festaren (s. 11), er NK samde i at gardsnamn/bruksnavn er symbol for slektstradisjon og tilknytning til eigedomen. Men her må det koma tydeleg fram at dei aller fleste gards- og bruksnamna er gjevne lenge før dagens slekter tok over, og at dei er ein felles arv slik det er framheva ovanfor. Dei er ikkje ein privat eigedom. Her burde det òg koma klart fram at slektsnamn av gardsnamn er sekundære i høve til gardsnamnet, og at slektsnamn ofte har ei tilfeldig skriftform med bakgrunn i tidligare tiders ustøe skrivepraksis. Når departementet nemner *Hagen* og *Bråten* som alternative vedtak til bruksnamn som *Hagan/Hågån*, *Bråtan/Bråtån*, bør slike rettskrivingsformer kunna akseptrast (derimot bør genuin komposisjonsfuge som t.d. *Haga-* haldast oppe i sekundære namn), men ikkje når det vert gjort vedtak som *Høifødt* og *Semb* for *Høyföt* og *Sem*.

NK ser det som ei vinning at Statens kartverk får ansvar for vedtak for stadnamn i all statleg bruk. Det vil gjera det lettare å samordna vedtak og ikkje minst bruken av fastsette skrivemåtar. Særleg i vegsektoren er det mange skrivemåtar i bruk som ikkje er i samsvar med vedtak, eller som det burde reisast namnesak på pga. divergerande skrivemåte. Dette momentet gjeld òg bruken av stadnamn som er kommentert i pkt. 6.

5.2 Klagehandsaming

NK er samde i at klager bør grunnjevast, og at det bør vera sett opp visse kriterium for kva klager det er rimeleg å la klagenemnda handsama. Som det er peikt på ovanfor, ser NK det som viktig at klageretten vert halden oppe for allmenne organisasjonar, spesielt slike som har kulturelle og språklege føremål.

6. Bruk av stadnamn

Dette punktet har å gjera med den tilstanden stadnamna er i i dag. Det ter seg for NK som eit stort problem at dei ulike greinene i offentleg verksemd ikkje fylgjer opp korrekt skrivemåte. Her vil NK visa til det Samarbeidsnemnda for namnegransking har lagt fram i si fråsegn:

Det nye lovforslaget viderefører punktet om at skriftformer som er i bruk når lova tar til å gjelde, og som det ikke er gjort vedtak på, skal brukes av det offentlige til det eventuelt blir gjort endringsvedtak. Dette har vært nødvendig ettersom det ikke har vært eller er mulig å gjøre vedtak av alle aktuelle navn. Et vesentlig problem i denne sammenhengen er at det finnes mer enn én skrivemåte av samme navn, ofte en som vil være i samsvar med forskriftene til loven, og en eller flere andre som avviker mer eller mindre fra reglene. Så lenge det ikke blir gjort vedtak, kan altså skriftformer av typen *Lie* (for *Li*) og *Vold* (for *Voll*) brukes med like stor rett. Statens kartverk har ikke ressurser til å reise navnesak for alle navn som forekommer med ulik skrivemåte på ulike kart, skilt osv. Samarbeidsnemnda mener at navneformer som strir mot dagens rettskriving, må vike og mener det bør legges føringer for hvilken skrivemåte som fortrinnsvis bør brukes av dem som har status ”godkjent”. Jo lengre feilaktige skrivemåter brukes, desto vanskeligere er det å få innført riktige former.

Elles sluttar NK seg til framlegget om at det vert gjort vedtak om parallellnamn samstundes i fleirspråklege område.

7. Gards- og bruksnamn

Ovanfor under pkt. 1 er tilhøvet mellom gardsnamn og bruksnamn nemnt. Føremønen med å skilja mellom desse to kategoriane er at vedtaksorganet står friare i høve til gardsnamn der eigaren vil ha same vekt som ved bruksnamn. I praksis vil det likevel vera problematisk å skilja mellom dei to gruppene. Lengst mogeleg bør det vera slik at dei får same skiftform vedteken.

NK er elles svært nøgd med at departementet går inn for å halda oppe det viktige punktet om at nedervde bruksnamn skal normerast på same grunnlag som t.d. naturnamn. At eigaren er fri til å bestemma andre typar namn, er akseptert etter det eksisterande regelverket, sjølv om namnekonsulentane gjerne gjev råd om god stadnamnskikk i slike tilfelle òg.

8. Reglar om skrivemåten

Eit sentralt punkt her er framlegget om at ein skal tillata ubunden form der det er lokal vakling i bruken av bunden/ubunden form. NK reserverer seg mot å opna for ein slik generell praksis, og meiner at det framleis berre unntaksvis bør vedtakast ubunden form når materialet gjev grunnlag for å rekna med at bunden form er den tradisjonelle uttalen.

Departementet går inn for omgrepet ”lokal talemålsform” i staden for tidlegare ”nedervd uttale”. Med tanke på at slektsnamn òg er nytta som lokale talemålsformer, er det etter NK sitt syn for veikt ut frå føremålet om å byggja på den overleverte, munnleg baserte uttalen. ”Nedervd uttale” svarar framleis best til intensjonen i lov om stadnamn og i bakgrunnsstoffet slik det kjem til uttrykk i NOU 1983:6 Stadnamn. Eit alternativ ville vera ”tradisjonell lokal uttale” med klare presiseringar om at det gjeld den uttalen som har vore nytta på staden frå eldre tid.

NK er uroleg for at lovframlegget vil opna for større bruk av skriftformer og såleis svekkja dei munnleg traderte formene som normeringsgrunnlag.

Representantar for samisk og kvensk har sendt inn eigne fråsegner, og NK viser til dei for desse språka ut over det som heilt kort er nemnt her.

Når det gjeld kommentarar til lovteksten og merknader til lova, viser NK til merknadene som vart oversende til departementet i samband med evalueringsrapporten.

Namnekonsulenttenesta for Austlandet og Agder-fylka:

[Boye Wangenstein](#) (bokmål), [Botolv Helleland](#) (nynorsk), [Terje Larsen](#) (sekretær)

Namnekonsulenttenesta for Vestlandet:

[Ole-Jørgen Johannessen](#) (bokmål), [Oddvar Nes](#) (nynorsk), [Kjell Erik Steinbru](#) (sekretær)

Namnekonsulenttenesta for Trøndelag og tilgrensande område:

[Ola Stemshaug](#) (nynorsk), [Berit Oksfjellelv](#) (sekretær)

Namnekonsulenttenesta for norske stadnamn i Nord-Noreg:

[Eva Forsaa Mikkelsen](#) (bokmål), [Finn Myrvang](#) (nynorsk), [Astrid Sann Evensen/Ann-Tove Eriksen](#) (sekretærar)

Namnekonsulenttenesta for samiske stadnamn:

[Marit Breie Henriksen](#) (nordsamisk), [Mikal Urheim](#) (lulesamisk), [Ole Henrik Magga](#) (sørsamisk), [Thomas Omma](#) (sekretær)

Namnekonsulenttenesta for kvenske stadnamn:
Irene Andreassen (konsulent og sekretær)

Finn Myrvang, Namnekonsulenttenesta for Nord-Noreg, har slutta seg til fellesfråsegna, men har lagt ved fylgjande tilleggsmerknad:

Bø i Vesterålen, 22. mars 2004

Kultur- og kyrkjedepartementet
Oslo

*Utfyllande merknad til høyringsbrevet
frå Namnekonsulenttenesta i Nord-Noreg*

Høyringsbrevet inneheld mange vurderingar og forslag det er lett å slutte seg til. Det er eit framsteg at lovendingane tar sikte på å gjere skilnaden på bruksnamn og gardsnamn tydelegare, men vi finn ikkje at den prinsipielle grensedraginga er god nok der det blir presisert (s. 8): “Hovedregelen er at navnet skal ha samme skriftform i alle funksjoner [f. eks. som naturnavn, bruksnavn, sognenavn, tettstednavn, navn på postkontor eller navn på holdeplass], men det kan gjøres unntak”. Her er nemleg bruksnamnet, men ikkje matrikelgarden eksplisitt nemnt. I praksis kan det bli lagt avgjerande vekt på kva namneform eigar/festar vil ha, slik at namnet i andre funksjonar blir “harmonisert” etter det, om så matrikelgarden i realiteten utgjer ei heil *grend*, slik tilfellet ofte er i våre område.

Ved bruks- og tomtenamna som stadnamn-kategori er det å merke at desse a) finst innførte i eit offentleg register b) finst svært ofte berre der og ikkje i dagleg bruk c) svært ofte finst eldre parallellnamn knytt til naturlokaliteten eller husmannsplassen (ikkje sjeldan begge delar), og i tospråklege område *måtte* eit offisielt bruksnamn vere norsk. I tillegg kjem det særlege juridiske vernet som bruksnamn etter gjeldande rett alt har.

Ved å fokusere på bruksnamna, som står så sterkt, risikerer ein at stadnamn-lova favoriserer kansellistisk, ikkje-munnleg namnetradisjon. Det er eit stort tankekors av di det overveldande fleirtalet er reine *dokumentnamn*, ukjende i dagleg tale. I skuggen kjem då alle dei andre namn i levande uttaletradisjon som ikkje står i noko eigar-register, men som gjennomgåande er mykje eldre og i langt høgare grad er kulturberande og identitetsskapande.

Stadnamn er felleseige, og eigar/festar sine individuelle namnpreferansar på eit visst tidspunkt bør av innlysande grunnar ikkje føre til «harmonisering» av fellesskapet sine namn med så vid ei grunngeving at det er praktisk og hensiktsmessig, for slike vurderingar er oftast subjektive, og fører her til at omsynet til privat eigeidom går framfor langsiktige omsyn til kulturminne, lokalhistorie og identitet.

Med tanke på kulturvern er det lite rimeleg at dine innvendingar blir tillagde vekt berre dersom du er eigar av bruket. Har du velgrunna innvendingar i ei namnesak som vedkjem deg som borgar av lokalsamfunnet og som kjennar av lokal namneskikk – men ikkje er eigar – kan du berre klage dersom du har ein samskipnad med deg i saka.

På eitt punkt undrar vi oss over at departementet – slik vi oppfattar teksten (s. 3) – lar vere å ta standpunkt, nemleg i spørsmålet om kva leddstilling som er ønskeleg: Typen *Bø søre/søndre* har har etter vårt syn ingenting med levande namnebruk å gjere, anna enn i eit forsvinnande

fåtal av typen *Landego(de)*. Slik leddstilling møter ein berre i språk utgått frå latin mm. – Vil ein jamstille slike konstruksjonar med normal norsk leddstilling og godta nylagingar etter same mønster? Det er så radikalt nytt og uventa at det bør seiast eksplisitt frå om det! Slik skilting blir slett ikkje uproblematisk, jfr. eit vegskilt i Senja der det står (om vi minnest rett):

SILSAND
YTRE.

Skrivemåten for stadnamn er først og fremst eit praktisk hjelpemiddel i kvardagen, er sagt, men skilt av dette slaget trur vi snarare vil distrahere mange vegfarande.

At lova no vil definere kva som er meint med gjeldande rettskrivingsprinsipp og med gjeldande rettskriving er kanskje nyttig, men kombinerer ein det med ein lett marginaliserande merknad (s. 3) om "reine målføreformer av størst interesse for språkvitskapen", kan ein risikere overforenkling og få problem der meininga var den beste. Det er t.d. slett ikkje så enkelt som at kort vokal bør skrivast med ein vokal og to konsonantar i alle tilfelle: Det som i delar av Nordland heiter *køl* [lang ø, tjukk l], lyder lenger nord *kåll*, til forveksling likt *koll(e)* for den som ikkje kjenner konsonantsystemet, men det er sjølvstøtt problematisk å skrive «koll» for kol (karbon). Oversyn og innsikt treng dei som søker fornuftige kompromiss mellom målføreformer og full normering, og slik kunnskap bør ikkje undervurderast.

Departementet påpeikar (s. 3) at «reine målføreformer (er) av størst interesse for språkvitskapen, og den delen av stadnamna ligg innanfor arbeidsområdet til namne- og målføregranskarane», og at «skrivemåten for navn som skal brukast i det praktiske dagligliv, ikkje er et navnefaglig forskningsprosjekt, men først og fremst et hjelpemiddel i hverdagen» (s.9). Her er det lett å lese mellom linene at målføreformene så vel som namne- og målføregranskarane kan vere meir til bry enn til nytte. Isolert sett ikkje noko å ta på veg for, men små ymt frå departementet om at fagmiljøet ikkje forstår at stadnamn først og fremst er til praktisk bruk opplever iallfall vi her i nord som nedslåande, for samarbeidet med kommunane når det gjeld gate- og vegnamn har hittil vore konstruktivt og meningsfylt. Vi undrar oss dessutan over merknaden «at arbeid med stedsnavn ikkje er en eksakt og entydig disiplin», for kor mange humanistiske fag er eigentleg det?

Dette så mykje meir som det i høyringsdokumentet er talande togn om andre sider av offentleg namnerøkt: Rundt om i Nordland fylke ser vi namneskilt som td. «Enghammerentunnel», «Reinhornheiatunnel», «Sandkollentunnel». Då verkar det bortimot surrealistisk at høyringsdokumentet er inne på «en hensiktsmessig skrivemåte på kart, skilt og i register», utan å evaluere ein praksis der skilting blir gjennomført utan at namnekonsulenttenesta har vore kopla inn. Heller ikkje er evaluert kor ajourførte offentlege namneregister er i praksis.

Høyringsdokumentet fokuserer på sider av gjeldande stadnamnlov som kan ha ført til for mange klagesaker, og heretter krevst det grunnleggjande klage. Så langt så godt, då det er allment kjent at somme klagesaker vedr. stadnamn har versert i årevis. Det vil vere eit stort framsteg om klagarar heretter må grunnleggje sin klage, evt. etter oppmoding om det (s. 13), men vi har merknad til § 8: “Dersom det kjem inn nye opplysningar i saka, kan saka takast opp på ny av ein av dei som er nemnde i § 5, bokstav a – d”. Vi meiner, at i saker der kommunen har gjort namnevedtak blir klageretten illusorisk, når ikkje kommunen er pålagt å grunnleggje *sine* vedtak! Dess grundigare klagaren har argumentert, dess større risiko er det for at kommunen avviser

evt. ny klage med at ingen argument er *nye* – utan å prove at innhaldet i første klage er realitetsdrøfta.

Finn Myrvang